

Rettleiar til handsaming av søknadar om motorferdsel i utmark

Dei kommunale retningslinjene gjeld inntil lov om motorferdsel i utmark eller forskrift vert endra, eller nye retningslinjer vert vedteke.

Motorferdsel i utmark er i hovudsak regulert av fylgjande regelverk:

- [Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag](#)
- [Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag](#)
- [Rundskrivet T-1/96 Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni nr. 82](#)
- [Rundskrivet 6/09 Om endringar i Nasjonale forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og islagte vassdrag](#)
- [Forskrift for motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland](#)

Føremålet med motorferdsellova er ut frå eit overordna samfunnsmessig syn å regulera motorferdselen i utmark og vassdrag med sikte på å verna om naturmiljøet og fremma trivsel, slik at man unngår skade og ulempe for naturmiljø og menneskjer.

Føremålet med kommunale retningslinjer er å fylgje opp intensjonane i regelverket for motorferdsel i utmark og gje føringar for kva løyve som kan gjevast hjå Eidfjord kommune. Kommunen kan gje løyver for kjøring innanfor gjeldande lovar og reglar.

Kommunen skal i sin sakshandsaming innskrenka motorferdsel i utmark til eit minimum for å ivareta natur og fremme trivselen, jf. lovens føremålsparagraf. Kommunen plikter:

- Å rettleie søkjar i regelverket.
- Å handsame søknader om løyve frå det generelle forbodet mot motorferdsel i utmark og vassdrag.

Retningslinjene er sist endra og vedteke i sak 25/006 i Motorferdselutvalet den 06.01.2025. Disse kommunale retningslinjene gjeld inntil nye retningslinjer vert vedteke. Retningslinjene gjeld som eit supplement til gjeldande lovverk. Om retningslinjene på eitt eller fleire punkter strider med føresegnene i gjeldande lov eller forskrift, er det i disse tilfelle lov/forskrift som gjelder, herunder også om lov/forskrift blir endra. Retningslinjene skal gjennomgåast ved ny valperiode og om ny informasjon om natur, naturmiljø og friluftsliv kjem fram.

Verkeområde og definisjonar

Dei kommunale retningslinjene handlar om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag som er søknadspliktig til kommunen, jf. motorferdsellova med tilhøyrande forskrifter.

Med motorferdsel meinast her bruk av motorkjøretøy (bil, traktor, motorsykel, beltebil, snøskuter o.l.) og båt eller anna flytande (vasskuter o.l.) eller slevande fartøy drevet med motor, samt landing og start med motordrevet luftfartøy.

Med utmark meinast udyrka mark som etter lov om friluftslivet ikkje reknast som innmark eller rett med innmark. Setervoll, hustomt, engslått, kulturbeite og skogplantefelt som ligg i utmark, reknast som utmark. Veg i utmark som ikkje er opparbeida for køyring med bil, ansa som utmark. Det same gjeld opparbeida veg som ikkje er brøytta for køyring med bil.

For motorisert ferdsel på snødekt mark er sesongen fastsett til tidsrommet f.o.m. 01.12. t.o.m. første søndag etter 01.05.

Generelt om motorferdsel på barmark

Motorferdsel på barmark kan sette varige spor i naturen. Difor er reglane for køyring på barmark strengare enn på snødekt mark. Av den grunn er det ynskjeleg at naudsynt transport i størst mogleg grad gjerast på snø. Ein del køyring på barmark er heimla direkte i lova utan søknad, jf. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 § 4, samt Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag §2.

Generelt om motorferdsel på snødekt mark

Reglane for motorferdsel på snøføre er mindre strenge enn for barmarkskøyring. Grunnen er at køyring på snødekt mark gjer mindre varige skadar på terreng og vegetasjon enn barmarkskøyring.

Generelt om bruk av motorbåt

Ferdsle med motorfartøy er regulert i lokal forskrift (FOR-2011-09-26-1028) og er berre tillate (uten løyve) i samband med: jakt og fiske, tilsyn av beitedyr, for turisthytter/serveringsstadar som ledd i næring, kultivering av fiskevatn, transport av arbeidsfolk, materialar og utstyr i samband med tillate oppføring, tilbygg eller reparasjon av bygningar og anlegg, til og frå hytter utan vegtilkomst. Gjeld fylgjande vatn: Sysenvatnet, Skaupsjøen, Drageidfjorden, Langavatnet, Eidfjordvatnet, Svartavatnet, Olavsbu vatna, Skiftesjøen og Vetle Skiftesjøen.

Ved andre formål eller andre vatn enn nemnt over må det søkast om løyve.

Generelt om bruk av luftfartøy

Landing og start med luftfartøy er som hovudregel forbodet i utmark og vassdrag. Landing og start med luftfartøy i samband med nærare angjevne nyttetransporter er i nokon tilfelle tillate. Dette gjeld for eksempel i samband med politi-, rednings- og oppsynsteneste, offentleg post- og teleteneste, anlegg og drift av offentlege vegar og anlegg. Når det ligg føre «særlege grunner», kan kommunen etter søknad gje løyve til bruk av luftfartøy.

Lova gjeld ikkje landingsplass for luftfartøy når det er gjeve konsesjon etter luftfartslova (jf Motorferdsellova §2, femte ledd).

Det er ikkje ein landing ved utflyging av felt storvilt når ein berre brukar long-line. Ein treng difor ikkje søkje om løyve til motorferdsel i utmark ved dette tilfelle. Om helikopteret landar er det derimot behov for eit godkjent søknad etter motorferdsellova §6.

Grunneigars rett til å nekte ferdsel

Motorferdsellova innskrenkar ikkje grunneigars moglegheit til å forby eller innskrenka motorferdsle på sin eigendom. (Jf Motorferdsellova §10).

Ferdsel på vassdrag i samsvar med motorferdsellova er i hovudsak tillate, med unntak frå der grunneigar har nedlagt forbod etter vannressurslova §16, andre ledd. Kommunen kan som vassdragsmynde setje eit eventuelt forbod til sides dersom det vert sett på som urimeleg.

Søknad om løyve til motorferdsel

Søknad om løyve for motorferdsel skal primært leverast via elektronisk søknadsskjema eller sekundært via skriftleg søknadsskjema. Begge alternativ er tilgjengeleg på Eidfjord kommunes heimeside. I søknaden skal det angjevast og leggjast ved:

- Namn og fullstendig adresse på søkjar, og kontaktopplysingar.
- Føremålet med transporten.
- Opplysningar om køyretøytype (snøscooter, helikopter mv.)
- Start- og endepunkt.
- Tidsrom/tidspunkt for køyring og naudsynt tal turar (for søknadar etter paragraf 6).
- Dato og underskrift.
- Søkjar skal om mogleg nytta kortaste veg og primært langs etablerte veier/traséar. Det kan leggjast ved ein kartskisse kor køyretrasé er teikna inn med start- og stoppestad.

Handsaming av søknader

Eidfjord kommune ved eining Drift og forvaltning er delegert mynde etter motorferdsellova og sakshandsamar for innkomande søknadar om løyve (med unntak av ukurante søknadar). For at sakshandsamar skal få tilstrekkeleg tid til å handsame/saksforberede innkomne søknader om dispensasjon må søknadar om løyve vera sendt i god tid. Søkjar må pårekna sakshandsamingstid inntil 3 veker. Om saka er ukurant skal den opp i Motorferdselutvalet og vil verta handsama i neste møte med Motorferdselutvalet.

Retningslinjer i samsvar med forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag (FOR 1988-05-15 nr. 356):

§ 1. I utmark og på islagte vassdrag (som definert i lovens § 2) kan motorkjøretøyer bare brukes når det skjer i samsvar med denne forskrift.

All motorferdsel i utmark og på islagte vassdrag skal foregå aktsomt og hensynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljøet og mennesker.

§ 2. Motorkjøretøy kan på bar mark utenfor veg nyttes til:

- a. formål som nevnt i motorferdselslovens § 4 første ledd,
- b. transport av jaktutbytte ved jakt på elg, hjort og villsvin, og transport ved jakt på villrein innenfor Hardangervidda villreinområde slik dette er avgrenset av Miljødirektoratet. Kjøring i nasjonalparken kan bare skje i samsvar med vernereglene for området, og utenfor bare for nødvendig transport etter sleper som tidligere er fastsatt av Direktoratet for statens skoger på statsgrunn og av kommunen/grunneiere på privat grunn,
- c. offentlig oppsyns- og tilsynstjeneste,
- d. nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentlig regi,
- e. nødvendig transport i forbindelse med anlegg og drift av veger og større anlegg.

Kjøring skal om mulig følge eldre kjørespor.

Statsforvalteren kan – med unntak av formål nevnt i motorferdsellovens § 4 første ledd – begrense eller forby kjøring i spesielt sårbare områder. Statsforvalteren kan delegere denne myndigheten til kommunen.

Statsforvalteren kan etter søknad eller av eget tiltak treffe vedtak om kjøreformålet går inn under første ledd. Statsforvalterens vedtak kan påklages til Miljødirektoratet.

0 Endret ved forskrifter 15 mars 2013 nr. 284 (i kraft 1 juli 2013), 30 mars 2021 nr. 1193 (i kraft 16 april 2021), 14 des 2020 nr. 3367 (i kraft 10 sep 2021), 5 des 2022 nr. 2094 (i kraft 1 jan 2023).

§2 bokstav b:

Formulering frå miljøridektoratet: Transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort, og transport ved jakt på villrein innanfor Hardangervidda villreinområde slik dette er avgrenset av Miljødirektoratet.

Du kan bare kjøre i nasjonalparken i samsvar med vernereglene. Den delen av Hardangervidda villreinområde som er utenfor nasjonalparken åpnes bare for nødvendig transport etter fastsatte sleper.

Kjør i eldre kjørespor om mulig.

Den delen av kommunen som ligg utanfor Hardangervidda villreinområde kan det difor kjørast på bar mark utan søknad, for transport av jaktutbytte på hjort og elg. Innanfor villreinområde er det berre tillat å kjøre etter godkjente sleper.

Uthenting av jaktutbytte med helikopter og longline krevest ikkje søknad så lenge det er utanfor nasjonalparken, og helikopteret ikkje landar. Vert det naudsynt å lande må det søkjast etter motorferdsellova §6.

§ 2a. Elektriske sykler kan brukes i utmark. Med elektriske sykler menes sykler som er utstyrt med elektrisk hjelpemotor med maksimal nominell effekt på høyst 0,25 kW som reduseres gradvis ved økende hastighet og opphører ved 25 km/t eller tidligere hvis syklisten slutter å trå. Sykkelen kan ved motorkraft alene nå en maksimal hastighet på 6 km/t.

Kommunen kan i forskrift begrense eller forby bruk av elektriske sykler i hele eller deler av utmarka.

0 Tilføyd ved forskrift 3 april 2017 nr. 422, endret ved forskrifter 12 april 2019 nr. 510, 11 nov 2020 nr. 2341.

§ 3. Motorkjøretøy kan på vinterføre nyttes til:

- a. formål som nevnt i motorferdsellovens § 4 første ledd,
- b. andre formål som nevnt i § 2 i denne forskrift,
- c. transport som er nødvendig for drift av turistanlegg (overnattings- og serveringssteder, skiheiser m.v.) som ikke ligger til brøytet bilveg,
- d. transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggetillatelse,
- e. opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakker for allmennheten og for konkurranser, når det foretas av kommuner, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter,
- f. nødvendig transport i forbindelse med vitenskapelige undersøkelser, herunder dyretellinger og liknende registreringer, etter oppdrag fra forskningsinstitusjon,
- g. nødvendig transport av ved fra egen eiendom til fast bopel, samt etter utvisning fra skogforvaltningen i Finnmark.
- h. praktisk kjøretrening på nærmere fastsatte områder ved obligatorisk opplæring for beltemotorsykkelførere. Områdene fastsettes av statsforvalteren etter forslag fra kommunene.
- i. transport i forbindelse med kommunalt organiserte akuttiltak for å redusere påkjørselsrisiko for elg og annet hjortevilt ved vei eller jernbane.
- j. nødvendig søk etter skadet storvilt utenom ordinær jakt når søket foregår i regi av kommunen.

Kommunen kan gi bestemmelser om kjøring som nevnt i bokstavene b–g, herunder om områder, traseer, sesonglengde, tidspunkter for kjøring, utstyr m.v.

Bestemmelsene i § 2 tredje og fjerde ledd gjelder tilsvarende.

0 Endret ved forskrifter 19 juni 1995 nr. 563, 30 april 2003 nr. 516 (i kraft 1 mai 2003), 26 juni 2009 nr. 863 (i kraft 1 juli 2009), 19 juni 2015 nr. 722, 30 mars 2021 nr. 1193 (i kraft 16 april 2021), 14 des 2020 nr. 3367 (i kraft 10 sep 2021).

Retningslinjer:

§ 3 bokstav a, jf. § 4 bokstav a i lova. Frivillige hjelpeorganisasjonar, som deltek i den offentlege redningstenesta, skal senda inn plan for øving og utdanningsverksemd med motorkøyretøy til kommunen.

§ 3 bokstav c inkluderer ubemanna turisthytter.

§ 3 bokstav d gjeld året byggjeløyvet er gjeve + to år. Ved trong ut over dette må det søkjast forlenging etter § 3d. Byggjeløyvet skal vera med under køyring.

§ 3 bokstav f, forskingsinstitusjonen skal, i samband med vitskapeleg undersøkingar, senda inn plan for motorferdsla med kart/skildring av området.

Det er viktig å senda inn informasjon om planlagt motorferdsel etter føremåla beskrive i § 3 bokstav b-g ettersom kommunen kan gje føresegner om køyringa etter kommunens retningslinjer og for å ivareta natur og folks trivsel.

§ 5. Etter skriftlig søknad kan kommunen gi tillatelse til bruk av snøscooter for:

- a. fastboende som i ervervsmessig øyemed vil påta seg
 - transport mellom bilveg og hytte,
 - tilsyn med privat hytte etter eierens oppdrag,
 - transport for massemedia på reportasjeoppdrag,
 - transport av funksjonshemmede,
 - transport av ved,
 - transport etter dispensasjon i medhold av denne forskrifts §6

Retningslinjer:

Leigekøyring er eit tilbod til dei som har eit transportbehov. Ervervsløyve kan gjevast til fastbuande. For føretak og bedrifter som får løyve kan inntil 5 personar stå som førarar. Namn på førarar må meldast til kommunen. Ved endringar i førarar skal dette og meldast om til kommunen. Det skal førast køyrebok som skal leverast innan 15.mai kvart år. Ervervsløyvehavar skal fylgja kartlagde skuterløyper.

Søknadsfrist for ervervsløyve er 1. november kvart år. Dei vil bli handsama i ein rullering kvart år i Motorferdselutvalet. Ved ny rullering skal dette vurderast:

- Kor mange nye søkjarar er det?
- Har tidlegare ervervsløyvehavare levert køyrebok innan tiden
- Har tidlegare ervervsløyvehavare hatt leigekøyringsoppdrag, dei som har mange oppdrag vert prioriterte ved rullering.
- Ynskjer tidlegare ervervsløyvehavar å behalde ervervsløyvet?

Det kan til saman gjevast 20 ervervsløyve. 15 av løyva er A-løyver og 5 av løyva er B-løyver. B-løyve gjeld for bedrifter som skal utføra oppdrag i eige verksemd, som for eksempel elektrikkararbeid, levering av varer, røyrleggjararbeid. A-løyve er for dei som tek oppdrag etter resten av punkta i § 5 bokstav a.

Kommunen skal offentleggjera kven som har ervervsløyve i kommunen med namn og telefonnummer.

b. funksjonshemmede,

Retningslinjer:

Føreseгна kan nyttast i samband med transport av varig funksjonshemming. Det skal leverast/sendast legeerklæring som dokumentasjon ved søknad etter slik føremål.

Personar som på grunn av alder eller midlertidig sjukdom er bevegelses hemmande, går ikkje inn under føreseгна og må i så fall søkje etter § 6 i forskrifta.

c. eier av hytte for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som ikke ligger tilknyttet brøytet bilveg,

Retningslinjer:

- Løyyet gjeld for inntil 4 år om gongen og fylgjer kommunestyreperioden med 1 års forskyving
- Søkjar må vera eigar av støl/hytte eller kunna syna gyldig leigeavtale
- I tillegg kan dei einskilde løyya gjelde for næraste familie* av søkjar.
- For hytter med fleire hjemmelshavarar er det mogelegheit for kvar hjemmelshavar å søkje om løyye.
- Søknad skal innehalda gards- og bruksnummer og evt. adresse til hytta/stølen, kart/henvisning til skuterløype og hytta si plassering, samt navn på evt. leigetakar
- Køyting skal så langt som mogeleg gå langs kartfesta løype med kortast mogeleg avstikk til målet
- Løyyet gjeld ikkje for rein persontransport, men personar kan sitja på dersom det er plass saman med bagasjen
- Hytta/stølen må liggja meir enn 2km frå vinterbrøyta veg. Avstand skal målast langs mest forsvarlege rute.

*Med næraste familie meiner ein ektefelle/sambuar, born/svigerborn, barneborn, foreldre, besteforeldre og sysken

d. kjøring i utmarksnæring for fastboende,

Retningslinjer:

Føreseгна skal nyttast i samband med næring i utmark, t.d. drift av utleiehytter. Det skal liggja føre næringsoppgåve ved søknad om snøskuterløyye.

Snøskuterløyye kan gjevast for inntil fire år om gongen, innan valperioden. Fyrste gongs løyye kan verta gjeve for inntil to år. Dersom den næringsdrivande etter utløpet av løyyeperioden kan dokumentera ei samla omsetjing som gjer at verksemda er momspliktig, kan løyyet forlengjast med fire år om gongen i valperioden.

e. transport av ved utover det som følger av denne forskrifts § 3 første ledd bokstav g,

Retningslinjer:

Føreseгна skal nyttast i samband med transport av ved som er hogd på eigen eigedom, og som skal transporterast til annan stad enn fast bustad. Føreseгна skal og nyttast når veden er hogd på ein annan sin eigedom (krevjast hogstløyye frå grunneigar). Transportruta skal vera kortast mogleg frå ved-teig til veg/hytte.

- f. gruppeturer på snødekt mark for beboere på helse- og omsorgsinstitusjoner, medlemmer av pensjonistforeninger eller forflytningshemmede. Turen må være i regi av helse- og omsorgsinstitusjoner eller ideelle organisasjoner. Tillatelse kan kun gis for transport til bestemte turmål og langs nærmere bestemte traseer dersom kommunen anviser slike.

Kommunen skal i tillatelser etter bokstav c kartfeste eller på annen entydig måte angi hvilken trasé som skal benyttes.

0 Endret ved forskrifter 19 juni 1995 nr. 563, 26 juni 2009 nr. 863 (i kraft 1 juli 2009), 28 sep 2020 nr. 1893 (i kraft 1 okt 2020), 30 mars 2021 nr. 1193 (i kraft 16 april 2021).

§ 5a. Kommunen kan etter søknad gi tillatelse til bruk av motorkjøretøy til transport av materiell og utstyr i forbindelse med utmarksnæring. Som utmarksnæring regnes drift av utleiehytter, næringsmessig høsting av naturgoder, turist- og reiselivsnæring, leting og undersøkelse av mineralske ressurser mv., forutsatt at virksomheten er registrert i Enhetsregisteret.

Første gangs tillatelse kan gis for inntil to år. Dersom den næringsdrivende etter utløpet av prøveperioden kan dokumentere en samlet omsetning som gjør at virksomheten som tillatelsen gjelder er momspliktig, kan tillatelsen forlenges med fire år av gangen.

Tillatelse etter første ledd kan på barmark kun gis for transport langs traktorvei, likevel slik at det i Finnmark også kan gis slik tillatelse langs godt etablerte barmarkstraseer.

På snødekt mark skal kjøring etter første ledd skje langs nærmere bestemte traseer, dersom kommunen anviser slike.

0 Tilføyd ved forskrift 26 juni 2009 nr. 863 (i kraft 1 juli 2009).

Retningslinjer:

Løyve til bruk av andre kjøretøy i næring enn snøskuter vert gjeve etter denne føresegna.

Eksempel på bruk av andre typar kjøretøy (for eksempel beltevogn, trakkemaskin) på vinterføre kan vera:

- transport av materiell og utstyr ved drift av utleiehytter og andre turist- og reiselivsbaserte verksemdar.

Eksempel på bruk av kjøretøy på barmark kan vera:

- Transport av materiell og utstyr ved drift av utleiehytter og andre turist- og reiselivsbaserte verksemdar.
- Næringsmessig høsting (t.d fiske og bærsanking).

Det kan berre gjevast løyve til næringsverksemdar som er registrert i Einingsregisteret. Ved fyrste søknad vert det gjeve løyve i maks 2 år. For nytt løyve må søkjar dokumentera at omfanget omfatta av tillatelsen er momspliktig. Etter det kan det gjevast løyve for opp til 4 år.

Løyve til kjøring på barmark kan berre gjevast for transport langs traktorveg.

§ 5b. Kommunen kan etter søknad gi tillatelse til bruk av snøscooter på vinterføre for utkjøring og tilsyn med jervebåser som er tillatt av statsforvalteren etter forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøvelse av jakt, felling og fangst § 31 første ledd bokstav a). Kommunen kan etter søknad gi tillatelse til bruk av snøscooter på vinterføre for utkjøring av åte og åtebuer i forbindelse med felling av jerv. Kjøring etter første og annet punktum skal skje etter bestemte traseer som angis i kommunens vedtak. Antall tillatte turer etter annet punktum skal avgrenses og framgå av tillatelsen. Lisenshaver skal føre logg som på forespørsel må forevises til naturoppsynet.

0 Tilføyd ved forskrift 19 juni 2015 nr. 722, endret ved forskrifter 14 juli 2015 nr. 898, 14 des 2020 nr. 3367 (i kraft 10 sep 2021).

§ 6. I unntakstilfelle kan kommunen etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2–§ 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulemper i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.

0 Endret ved forskrift 30 mars 2021 nr. 1193 (i kraft 16 april 2021).

Retningslinjer:

Følgande føresetnadar må vera oppfylt for at løyve skal kunna gjevast etter § 6:

- Søkjaren må påvise et særlig behov
- Behovet må ikkje knytte seg til turkjøring

Kjøring på vinterføre

Føresegna skal nyttast ved særskilt trong for transport. Eksempel på bruk av køyretøy (snøskuter, trakkemaskin, beltevogn) på vinterføre kan vera:

- Eldre med særlig behov. Lækjærerkjøring skal leverast/sendast med søknad.
- Kjøring i samband med drift av opne ubetente turisthytter.
- Transport av bagasje og utstyr til hytte som er eigd av lag, foreiningar og fleire personar.

Kjøring på barmark

Kjøring med motorkjøyretøy langs ein strekning i utmark er ikkje ynskjeleg då det gjer for stor skade på terrenget. Naudsynt transport så langt det let seg gjera skal utførast på vinterstid med snøskuter.

Løyve for annan kjøring etter § 6 skal avgrensast til tal turar eller tal dagar. Det skal førast køyrebok utarbeidd av Eidfjord kommune og køyreboken skal sendast ved utløpet av løyvet.

§ 7. For tillatelse etter § 5, § 5a, § 5b og § 6 kan det settes vilkår, bl.a. om at kjøring skal skje etter angitte traseer. Tillatelsen kan tidsbegrenses.

Tillatelsen skal være skriftlig og skal medbringes under transporten. Den skal vises fram på forlangende av politi eller oppsyn.

Kommunens vedtak etter § 5, § 5a, § 5b og § 6 kan påklages til statsforvalteren.

Kommunene skal rapportere behandlingen av saker etter § 5, § 5a, § 5b og § 6. Klima- og miljødepartementet fastsetter rapporteringsform. Rapporteringsplikten kan utvides til også å gjelde andre forhold vedrørende motorferdsel.

0 Endret ved forskrifter 19 juni 1995 nr. 563, 30 april 2003 nr. 516 (i kraft 1 mai 2003), 29 sep 2010 nr. 1303 (i kraft 1 okt 2010), 19 des 2013 nr. 1757 (i kraft 1 jan 2014), 19 juni 2015 nr. 722, 14 des 2020 nr. 3367 (i kraft 10 sep 2021).

Retningslinjer i samsvar med lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (LOV 1977-06-10 nr. 82)

§ 6.(tillatelser etter søknad når særlige grunner foreligger)

Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven.

Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemte tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen.

Kommunens vedtak kan påklages til statsforvalteren.

0 Endret ved lover 15 jan 1988 nr. 4, 10 jan 1997 nr. 7 (ikr. 1 mars 1997), 16 april 2021 nr. 21 (ikr. 16 april 2021 iflg. res. 16 april 2021 nr. 1183), 7 mai 2021 nr. 34 (ikr. 1 juni 2021 iflg. res. 7 mai 2021 nr. 1416).

Retningslinjer:

Føreseгна er nytta i samband med søknad om bruk av luftfartøy (helikopter/sjøfly) og motorfartøy på vatn under 2 km² som ikkje er nemnt i kommunal forskrift. Det vert gjeve løyve for landing og start i utmark med luftfartøy.

Eksempel på bruk av luftfartøy:

- Transport av utstyr som ikkje let seg transportera på vinterføre, til dømes byggjemateriale, beis, proviant, utstyr og bagasje til eiga/langtidsleiga hytte/støl.
- Transport av byggjemateriell til bygging av hytte. Krev byggjeløyve.
- Ved varig funksjonshemming og eldre/uføre med lang tilknytning til området kan det verta gjeve løyve for inntil 4 landingar per år ved eiga/langtidslegd hytte/støl.
- Transport i samband med vitskaplege undersøkingar
- Uttransport av felt storvilt og utbytte frå garnfiske frå eit omfang på minst 50 garndøgn. Kopi av gyldig jaktkort eller fiskekort må leggjast ved søknad.
- Fiskekultivering
- Utflyging av sauesankar

Eksempel på bruk av motorfartøy er andre føremål enn det som er tillate i § 2 i lokal forskrift om motorferdsel i utmark.

Lufttransport som ikkje absolutt må utførast i yngle- og hekketida skal utførast etter 15. juni. Transport på barmark skal om mogleg samordnast og bør utførast i tida 15. juni til 30. november. Transport med motorbåt skal følgja lovleg fisketid og/eller jakttid for aktuell storviltart.

Retningslinjer i samsvar med Forskrift for motorferdsel i utmark og på vassdrag, Eidfjord kommune, Hordaland (FOR-2011-09-26-1028)

§ 2.Ferdsle på vatn og vassdrag

Ferdsle med motorfartøy er berre tillate i samband med:

- jakt og fiske*
- tilsyn av beitedyr
- for turisthytter/serveringsstadar som ledd i næring
- kultivering av fiskevatn
- transport av arbeidsfolk, materialar og utstyr i samband med tillete oppføring, tilbygg eller reparasjon av bygningar og anlegg
- til og frå hytter utan vegtilkomst.

Ved andre formål eller andre vatn enn nemnt under må det søkast om løyve. For ferdsel på vatn innanfor nasjonalparken er det forskrift 10. april 1981 nr. 4830 om Hardangervidda nasjonalpark som gjeld.

Gjeld fylgjande vatn: Sysenvatnet, Skaupsjøen, Drageidfjorden, Langavatnet, Eidfjordvatnet, Svartavatnet, Olavsbu vatna, Skiftesjøen og Vetle Skiftesjøen.

* Grunneigarar i det enkelte vatn fastsett fiskereglar. Motorisert ferdsel med båt kan skje med grunneigars løyve etter deira fiskereglar.

0 Endra ved forskrift 19 juni 2023 nr. 1114 (i kraft 29 juli 2023)

§ 3.Motortype og storleik

Det er tillat å nytta bensindrevet motor med inntil 10 HK (hestekrefter).

Det er tillat å nytta elektrisk påhengsmotor.

§ 5.Dispensasjon

Når serlege grunner ligg føre, kan kommunen, ved rådmannen, etter søknad dispensera frå reglane i denne forskrifta.

Generelle retningslinjer:

- Det kan ikkje gjevast løyve for nokon form for rekreasjonskøyning.
- Barmark sesongen varar frå 15. juni til 30. november. Vintersesongen varar frå 1. desember til første sundag etter 01.05.
- Køyning skal følgja godkjende skuterløyper og kortaste veg frå desse til målet for turen.
- Misleghald av gjevne løyver og vilkår medfører inndraging av løyvet. Endringar av forutsetningar og vilkår kan også medføre inndraging.
- Alle løyver kan verta inndregne eller enkeltløyper kan verta stengde som følgje av at reinsdyr oppheld seg i det aktuelle område. Løyvehavare vil få SMS ved ein slik hending.